



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra Sokneråd

6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)

## Protokoll

**Utval:** Aukra kyrkjelege fellelråd  
**Møtedato:** Tysdag 12. juni  
**Møtetid** 16.30  
**Møtestad:** Julsundet skole

### Desse møtte

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Mette Myrseth Oterhals, Gro Merete Hoksnes, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Anja Helen Otterlei, Geir Ove Tangen, Audhild Mork, og Kristian Finn Risung

### Forfall

Inga Søvi Korsvik Melby

### Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes

Vi starta møtet med ei omvising i det nye skoleanlegget. Inspektør Rodi Hjertvikrem viste oss rundt. Vi var spesielt interesserte i å finne eit eigna lokale på skolen der ein kan gjennomføre gudstenester i Julsundet. Det er viktig for oss at det vert enkelt å rigge til lokalet, slik at ein får ei kjensle av å vere i kyrkja. Slik ein har erfaring med frammøte til gudsteneste i Julsundet, ser vi for oss at på vanlege gudstenester, vil kantina vere eit bra lokale. Der må vi kunne disponere eit piano. I tillegg må vi ha ein eigna lagerplass for det utstyret som høyrer kyrkja til, m.a. altertavlebilde, talarstol, døypefont, ein del mindre utstyr til nattverd, lysetakar og salmebøker. Under omvisinga såg vi at dette er eit rom der det kan bli svært varmt med store vindaugsflater mot sør, så det hadde vore ønskjeleg med solskjerming. Julaftansgudsteneste og evt. adventskonsert ser vi for oss at det må vere lagleg å bruke halvparten av gymsalen for å få plass til alle.

**Innleiingsord:** Gro Merete Hoksnes – dikt av Kolbein Falkeid.

### Sakliste

Sak 1: Godkjenning av referat frå møte 8. mai 2018.  
Vedtak: Godkjend.

Sak 2: Godkjenning av innkalling til møte.

Vedtak: Det vart meldt ein evt.-sak i samband med sommarjobb på kyrkjegarden. Saka vart plassert tidleg i møtet, før ein behandla budsjett.

Sak 3: Økonomirapport for januar - mai

Sak 4: Revidert budsjett 1. tertial

Sak 5: Søkjarliste til kyrkjeverjestillinga

Sak 6: Tilsetjing av kyrkjeverje

## **Evt.-sak om sommarjobb på kyrkjegarden.**

### **Bakgrunn.**

I samband med tilsetjing av ungdom som skal arbeide på kyrkjegarden, kom det fram at det var ein søknad som ikkje hadde kome med i vurderinga.

### **Utgreiing.**

I utgangspunktet hadde vi informasjon om at det var fire ungdomar som var interesserte i arbeid på kyrkjegarden i sommar. To hadde levert søknad, Amalie Løwe og Gunnar Sæther, og dei to andre hadde berre meldt interesse utan å levere søknad. Slik vart to tilbode kvar sin periode med 4 veker arbeid på kyrkjegarden. Dei har fått melding om arbeid. I etterkant kom det også fram at ein tredje ungdom, Emanuel Tangen, også hadde levert søknad, men at den var levert allereie i august i fjor.

Fellesrådet vart difor bede om å gjere ei ny vurdering av desse stillingane.

### **Framlegg til vedtak.**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Under behandlinga meldte Svein Løwe og Geir Ove Tangen seg inhabile pga nært slektskap med søkjarane og forlet møtet.

### **Vedtak:**

Det vert sendt eit nytt brev til ungdomane med følgjnde ordlyd:

På grunn av formell sakbehandlings-feil må vi korrigere tilbodet om sommarjobb til 3 veker pr. ferievikar. Amalie Løwe arbeider 25.06 – 13.07, Gunnar jobbar 16.07 – 03.08 og Emanuel jobbar 6.08 – 24.08

Samrøystes

# Økonomirapport januar - mai 2018

## Bakgrunn

Vedlagt finn de ein økonomirapport for dei fem første månadene i år. I og med at vi ikkje har eit periodisert budsjett å forhalde oss til, må ein lese tala slik dei står.

## Utgreiing

Det er på ansvar 2000, kyrkje at avviket er størst, men når vi får levert inn budsjettkorrigeringa vår, vil bildet bli noko annleis.

Ein skal også få til at løna til trusoppærar blir ført på ansvar 4400, slik at utgifter til trusopplæring blir så rett som mogleg.

Elles ser det ut til at vi skal vere nokonlunde i rute til å kunne betale renter og avdrag på KLH i juni.

## Framlegg til vedtak.

Fellesrådet tar økonomirapporten til vitande.

## Vedtak

Samrøystes som framlegget.

# Budsjettkorrigering 1. tertial 2018

## Bakgrunn

Aukra kyrkjelege Fellesråd vedtok eit driftsbudsjett i møtet 23.01.2018 ut i frå rammer gitt av Aukra Kommunestyre. I vedtaket står følgjande:

*Arbeidsutvalet redigerer budsjettet sånn at det samsvarar med løyvingane som er gjeve frå Aukra kommune i løyvingbrevet av 19. januar 2018. Oversendingsbrevet som blir sendt til kommunen med vedtak om endeleg budsjett skal og innehalde oversikt over stillingsprosentane i soknet, samt informasjon om på kva område det manglar finansiering for oppgåver som er regulerte av §15 i kyrkjelov.*

Etter at kyrkjeverja slutta, har eg vore i kontakt med kommunen om budsjettet vårt. Der har eg fått inntrykk av at det berre er levert inn eit ufullstendig budsjett til økonomiavdelinga. Derfor har vi heller ikkje fått hjelp til å periodisere budsjettet, slik at det er lettare å følgje med korleis det ligg an med økonomien vår. Etter at vi hadde vedtatt budsjettet, kom rekneskapen for 2017 som viste at vi hadde eit mindreforbruk i 2017 som gjorde at vi kunne dekkje inn heile meirforbruket vårt frå 2016 med overskotet frå i fjor. I tillegg har vi fått om lag 2,2 mill kr frå kommunen til å dekkje investerings- og vedlikehaldsprosjekt i kyrkja.

Derfor er det behov for å få med Fellesrådet på ein gjennomgang av budsjettet på nytt og gjere nokre korrigeringar.

## Utgreiing

Vedlagte framlegg til budsjettkorrigering er sett opp med bakgrunn i fordeling av midlane frå kommunen til dei ulike ansvara i soknet. Tildelingsbrevet frå kommunen ligg ved, slik at de ser korleis det er tenkt fordelinga frå kommunen si side. Grunnen til at rekneskapen for 2017 viser ei høgare støtte for 2017 enn 2018, er at vi fekk eit eingongstilskot på 350 000 i fjor for å rette opp økonomien vår.

Behovet vårt innafor dei ulike ansvara i soknet er annleis enn fordelinga frå kommunen tilseier. Derfor vil de finne ein post, enten på utgiftsida eller inntektsida som heiter **interne overføringar**. Der har ein ført over internt mellom ansvara på følgjande måte:

I ansvar 1000 har ein sett opp 213 000 kr til disposisjon for andre ansvar.

I ansvar 4000 har ein sett opp 21 000 kroner til disposisjon for andre ansvar.

I ansvar 2000 har ein brukt 120 000 kroner av midlane ovanfor for å kome i 0.

I ansvar 3000 har ein brukt 88 000 kroner av midlane ovanfor for å kome i 0.

I ansvar 4400 har ein brukt 26 000 kroner for å kome i 0.

Ansvar 4400 har ikkje kommunen like stort ansvar for som dei fire andre ansvara, men kommunen kan likevel vere med å støtte tiltaka der.

Det er gjort lite med lønspostane i framlegg til korrigering. Samstundes er det usikkert korleis vi kjem ut når det vert tilsett ny kyrkjeverje. Vi vil også få ei ekstra utgift i år med å oppfylle avtalen med kyrkjeverja som har slutta. Tidlegare har det vore vanleg å kunne søkje kommunen om eit tilskot for å dekkje opp lønnsutgifter som kjem av lønsforhandlingar om våren. Men det blir først i 2. tertial.

Det er ikkje satsa mykje på kurs og inspirasjon i det framlagte budsjettforslaget. Det har heller ikkje kom noko tydeleg signal og ønske om spesielle tiltak på det området.

Av einskildpostar elles i budsjettforslaget vil eg nemne nokre:

Ansvar 1000

- Det er sett av 50 000 til godtgjersle til folkevalte. Grunnen er at vi fekk utbetalt møtegodtgjersle for 2017 i år, og målet er at vi også skal få for 2018 i år.

#### Ansvar 2000

- Det står framleis 75 000 kr til inventar og utstyr, avsetning til altarring. Grunnen er at vi søkte kommunen om 70 000 til å restaurere altarringen. Men det var berre for tekstilarbeidet. Vi trudde ikkje at det skulle koste noko særleg å pusse opp toppen. Så viste det seg at oppussing av toppen på altarringen kom på godt over 70 000 kr. Det kan hende at beløpet vi har fått frå kommunen dekkjer også det, men førbels har ein lagt det inn i det vanlege budsjettet.
- Det er ført opp 90 000 til konfirmantarbeid, m.a. week-end, men så er det også ført opp tilskot frå foreldre og andre fellestråd på 75 000 kr.

#### Ansvar 3000

- Ingen store endringar

#### Ansvar 4000

- Det har vore vanleg at kjøkkenet i KLH har vore vaska ned 2 -3 gonger i året på dugnad, delt mellom dei som brukar huset mest. I det siste er ein usikker på kor gjennomført dette har vore. Derfor ligg det eit forslag på 6000 som kan dekkje innleigd nedvask to gonger i året.
- Det er ført opp 40 000 kr til inventar og utstyr i KLH. Grunnen er at vi manglar eit kjøleskåp. Ein del utstyr i kjøkkenet må også fornyast og supplerast.
- Nedbetalingsplanen viser at når renter og avdrag er betalt i juni, har vi ei restgjeld på om lag 3,2 mill på KLH.

#### Ansvar 4400.

- Utanom løn til trusopplærar går mesteparten av utgiftene til materiell i dei ulike trusopplæringstiltaka.

#### **Bruk av mindreforbruket frå i fjor.**

Etter at mesteparten av mindreforbruket frå 2017 er brukt til å dekkje opp meirforbruket frå 2016, står det att **7216,82 kr**. I flg. Rekneskapsavdelinga i kommunen, kan ein ikkje berre setje dei inn i drifta. Derfor har ein eit forslag om dei pengane vert sett på eit ubunde fond til seinare bruk.

#### **Framlegg til vedtak**

1. Aukra kyrkjelege Fellestråd vedtar framlagt budsjettkorrigering for 1. tertial 2018.
2. Overskot frå 2017 på 7216,82 vert sett inn på eit ubunde fond.

#### **Vedtak:**

Samrøystes som framlegget til vedtak

Budsjettet ligg i eige vedlegg

## **Søklarliste til kyrkjevevjestillinga.**

Det er 3 søkjarar til kyrkjevevjestillinga. Utvida søklarliste vart lagt fram på møtet og unnateke offentlegheit pga at ein søkjar ikkje ønskjer namnet offentleggjort.

## **Tilsetjing av kyrkjeverje.**

### **Bakgrunn**

Søknadsfristen for å søkje kyrkjeverjestillinga går ut 11. juni. Det er viktig for oss å få en ny person tilsett så snart som mogleg.

### **Utgreiing**

Kyrkjelova §14 omtalar Kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver. Ma. står det «*Kirkelig fellesråd foretar tilsetjing av og har arbeidsgiveransvar for alle tilsatte som lønnes over fellesrådets budsjett*»

Eg har vore i kontakt med KA om kva som er praksis i tilsetjingssaker. Det er vanleg at tilsetjing av andre i staben kan delegerast til eit utval eller til kyrkjeverje, men at tilsetjing av kyrkjeverje vert gjort i møte i Fellesrådet.

Derfor er det også vanleg at eit utval foretar ein gjennomgang av innkomne søknader og gjennomfører intervju med aktuelle kandidatane før det blir laga ei innstilling til Fellesrådet om tilsetjing.

Ein kan tenkje seg AU i lag med ein tillitsvalt utgjør utvalet som kjem med innstilling til Fellesrådet.

Val av tillitsvalt kan ein gjere på to måtar. Enten kan staben i kyrkja velje ein tillitsvalt som skal sjå til at ting går rett for seg, eller AU kan invitere ein av dei hovudtillitsvalde i kommunen til å bistå i prosessen.

### **Framlegg til vedtak.**

AU utgjør tilsetjingsutval i lag med ein tillitsvalt i tilsetjing av kyrkjeverje i Aukra.

### **Vedtak**

AU utgjør tilsetjingsutval i lag med ein hovudtillitsvald frå kommunen i tilsetjing av kyrkjeverje i Aukra